

VR-sak 21/17: Nøkkeltal for utvalde næringer i 2018.

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet har gjennom Hordaland fylkeskommune inngått ein avtale med selskapet Samfunnsøkonomisk analyse om produksjon og framstilling av nøkkeltal for utvalde næringer på Vestlandet. Tre næringer/klynger er inkluderte i avtalen: marin, maritim og energi (sistnemnde delt i fornybar og ikkje-fornybar). Datamaterialet byggjer på rekneskapsdata, og er gjenstand for omfattande kvalitetssikring og analyse, slik at tala vert leverte første kvartal (eit drygt år etter rekneskapsåret er slutt). Dette inneber at tala som vert leverte i 2017 er baserte på rekneskapsåret 2015.

I avtalen ligg det inne ein hovudleveranse kvart anna år, første gong i 2017, og deretter i 2019. I ein normalsituasjon vil leveranse kvart anna år gje tilfredsstillande informasjon om status og utvikling i dei utvalde næringane. Det ligg også inne ein opsjon om tilpassa leveranse i «mellomåra» dersom dette er ønskjeleg, på same vilkår som gjeld for hovudleveransen.

Ved første leveranse vart det også levert historiske data tilbake til 2003, slik at Vestlandsrådet har ein komplett tidsserie for perioden 2003-15 for desse næringane og såleis kan følgje utviklinga over tid. Samfunnsøkonomisk Analyse nyttar ei rekke kjelder, av og til heilt ned på enkeltføretaksnivå, for å identifisere verdikjeda i næringane. Dette gjer at dei inkluderer verksemder som er direkte avhengige av aktiviteten i kjerneverksemndene. Eit døme frå årets nøkkeltalsleveranse er at for marin klynge på Vestlandet er det identifisert i overkant av 6 000 årsverk innanfor kjerneverksemndene fiske og oppdrett, medan ytterlegare 8 000 er identifiserte som tilhøyrande denne klynna gjennom verksemder som har ein stor del av aktiviteten knytt til klynna gjennom fôrproduksjon, foredling, teneste- og utstyrleveranse.

Detaljrikdomen og den faglege kvaliteten til nøkkeltalsarbeidet gjev politikarar, næringslivet og andre aktørar eit faktabasert grunnlag for skildringar av tre næringar som er særskilt viktige både for Vestlandet og landet elles. For kvar nye leveranse aukar kvaliteten og nytten, og interessa for materialet blir større for kvart år. Til dømes nyttar NCE Seafood materialet i sin søknad om NCE-status i 2015, og i juni 2017 deltok over 60 personar frå det offentlege, næringslivet, akademia og media på eit føremiddagsmøte om desse nøkkeltala i regi av Hordaland fylkeskommune.

Produksjon av data for 2016

I høve avtalen vil neste leveranse av data vere i 2019, då med data frå rekneskapsåret 2017. I den situasjonen dei aktuelle næringane har vore – og framleis er – inne i, vil det vere nyttig å også få levert data i mellomåret 2018, då basert på rekneskapsåret 2016. I 2015-tala ser ein dei første konsekvensane av oljekrisa, men det er truleg først med 2016-tala vi vil sjå den fulle effekten her. 2016 vil difor vere eit nøkkelår for desse næringane, og det er uheldig å måtte vente heilt til 2019 før det kjem oppdatert informasjon om utviklinga innanfor desse næringane på Vestlandet. Kostnaden er venta å vere kr 150 000-200 000 for ein komplett leveranse i 2018 for dei tre næringane for alle vestlandsfylka. Prisen er skalérbar, slik at den kan reduserast gjennom å velje å motta talmateriale for færre enn tre næringar eller for eit mindre geografisk område.

Utvide prosjektet til å omfatte reiseliv

I byrjinga av nøkkeltalsprosjektet vart det produsert tal for fem klynger; marin, maritim, energi, reiseliv og media og kultur. Reiseliv, media og kultur vart teke ut leveringa i 2014, fordi ein då vurderte at metodikken og definisjonane som vart nyttar for desse klyngene medførte at mange verksemder som i liten grad naturleg høyrde heime her, vart inkluderte. Dette gjaldt m.a. fleire transporttenester som i liten grad kunne seiast å vere knytte til reiseliv (hovudsakleg definert som turisme og ringverknader av dette).

Vestlandsrådet

Samtidig er Hordaland fylkeskommune blitt kontakta av fleire av destinasjonsselskapa i Hordaland, som ønskjer å søkje om midlar til å få utført ei verdiskapsanalyse for reiselivsnæringen i regionen. Slik verdiskapsanalyse vert utført kvart år i Oslo. Møre og Romsdal fylkeskommune har også nyleg gjennomført eit slikt arbeid, utført av selskapet Menon. Reiselivsnæringa slit med manglande data og høve til å synleggjere verdiskaping og aktivitet. Det er av interesse å få på plass ei analyse som kan brytast ned på regionnivå. Det vil vere ein føremon å få samanliknbare tal frå heile Fjord Noreg-regionen.

Med overgang til ein annan leverandør innanfor talproduksjon, er det realistisk å få tilgang til nødvendige tal for reiselivsnæringa. Samfunnsøkonomisk Analyse har den naudsynte kompetansen og metodikken for å ta desse klyngene inn igjen og gjere den identifikasjonsjobben som må til for å produsere ein autorativ populasjon av verksemder. Nøkkeltalsarbeidet tek utgangspunkt i deira eigen database med rekneskapsdata for alle verksemder tilbake til 2003. Slik har dei det naudsynte grunnlagsmaterialet.

Samfunnsøkonomisk Analyse har gjeve eit kostnadsoverslag på kr 150 000,- eks. mva. for begge klyngene ved første leveranse, medan prisen kan forventast å ligge nærmere kr 100 000,- eks. mva. frå og med andre leveranse (alternativt kr 50 000,- per klynge). Det er førebels ikkje forhandla om konkret pris. Det må i alle høve vere dialog mellom bestillar og dei representantane for klyngene som vert lagde til, for å sikre at undersøkinga kan levere resultat som er av interesse for næringa. Samstundes må undersøkinga gje ei god framstilling av verdiskapinga i desse klyngene samanlikna med dei andre prioriterte næringane.

Innkjøpstenesta i Hordaland fylkeskommune er bedne om å kome med ei juridisk vurdering av om den eksisterande avtalen kan utvidast utan ny utlysing. Svaret på dette er at ein må gjennomføre ein eigen innkjøpsrunde for ei slik utviding, med tilbod frå nokre utvalde leverandørar.

Felles reiselivsfokus på Vestlandet

Dei fire vestlandsfylka har allereie eit nært samarbeid når det gjeld reiselivsnæringa, både gjennom Fjord Noreg AS og gjennom felles tiltak som t.d. «Felles reiselivsstrategi for Vestlandet», «Cruisestrategi for Vestlandet» og «Handlingsplan for cruisenæringa». Fjord Noreg AS har i sin avtale med fylkeskommunane fått i oppdrag å stille til med statistikkmaterialer for næringsaktørane ned på region/kommunenivå. Det gjev mening at Vestlandsrådet også i fellesskap skaffar ei god og påliteleg oversikt over verdiskapinga som reiselivssektoren skapar i landsdelen. Reiselivsnæringa er ei av verdas raskast veksande næringar, og det er relevant med meir kunnskap om potensialet som ligg i å vidareutvikle denne næringa i vår landsdel. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om at Vestlandsrådet bestiller ei verdiskapingsanalyse av reiseliv for alle dei fire fylka på Vestlandet. Møre og Romsdal fylkeskommune har nyleg ferdigstilt eit slikt arbeid for eige fylke. Ved å tenkje langsiktig vil det vere tenleg at ei felles analyse både let seg samanlikne med eksisterande analysar gjort for reiselivet andre stadar i landet (t.d. Oslo og Møre og Romsdal), og ikkje minst med dei analysane som vert utførte for andre næringar på Vestlandet.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet bestiller ein komplett leveranse av nøkkeltal for dei utvalde næringane marin, maritim og energi for rekneskapsåret 2016, med leveranse første kvartal 2018, i høve til gjeldande avtale med Samfunnsøkonomisk analyse.
2. I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, vil Vestlandsrådet vurdere ei vidare løying med tanke på å utvide det felles «Nøkkeltalsprosjektet» til også å inkludere reiselivsnæringa frå 2018. Vestlandsrådet ønskjer at det til første møte i 2018 ligg føre ei kostnadsrekna skisse som syner faktiske utgifter (og modellar) knytt til ei slik utviding.